



DEN NORSKE KYRKJA

Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd

Kyrkjevegen 6
6856 SOGNDAL
Tlf: 57679985
post@sogndal.kyrkja.no

KUD v/ Kyrkjeavdelinga
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Sogndal 17.10.2014
Vår sakshandsamar: JMHE
Vår ref.: 14/00039-002
Arkivkode: 012.2

Høyring - Staten og Den norske kirke - et tydelig skille

Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd valde ei gruppe som saman skulle sjå nærmare på høyringa. I gruppa sat fellesrådsleiar Marit L. Mundal, kommunal representant i fellesrådet Laura Kvamme, prost Kjetil Netland og kyrkjeverje Jorunn Merete Haukås-Eide.

Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd fekk så framlagt deira framlegg til høyringssvar på møte 28.10.14, og fatta då fylgjande vedtak i saka:

Sak 043/14 Høyringssvar - Staten og Dnk - et tydelig skille

Vedtak:

Fellessrådet støttar framlegget til uttale på høyringa Staten og Den norske kirke – et tydelig skille, og vedtek denne som sin høyringsuttale.

Høyringssvar på høyringa «Staten og Den norske kyrkje – et tydelig skille».

Høyringsnotatet er stort og omfattande, og inneheld forslag om endringar i kyrkelova, praktiske konsekvensar for statlege tilsette i kyrkja og for økonomiske forhold for kyrkja som heilheit. Dette er viktige tema for Dnk, og me som fellesråd ynskjer å kommentere desse.

Ei landsdekkande kyrkje.

Dnk kyrkja skal vere ei folkekyrkje, og ut frå det er det viktig at kyrkja også får nå ut til heile folket. Den skal vere for heile landet, og difor landsdekkande. Ordet landsdekkande meiner me er viktig er med i lovteksten, nettopp for å presisere dette. Me har difor fylgjande forslag til setning som bør inn som tillegg i §2 i kyrkelova: *Den norske kirke skal vere en landsdekkende kirke, og der soknet er den grunnleggende enhet.*

Hvert sokn skal være betjent av en prest i et omfang som sikrer soknets medlemmer mulighet for regelmessig gudstenestefeiring, tilgang til kirkelige handlinger og nødvendig samordning med soknets virksomhet.

Soknets organer har rett til medvirkning ved tilsetting av prest i eget sokn.

Trusopplæring og diakoni.

Trusopplæring og diakoni er to viktige oppgåver for Dnk. Dette meiner me også bør komme tydelegare fram i lovteksten, samt vere viktige moment i prosessen med eit skilje mellom stat og kyrkje. Diakoni er nemnt i §9 som ein del av det ansvaret soknerådet har for arbeidet i soknet. Det er også nemnt i ei setning under §15, kommunen sitt økonomiske ansvar. Der står det likevel ikkje i opplistinga over kva som er kommunen sitt økonomiske ansvar, men som ein setning under og som eit av punkta som fellesrådet sitt budsjettforslag skal innehalde. Det same gjeld kyrkjeleg undervising/trusopplæring. Dette tykkjer me bør presiserast sterkare, og foreslår at det vert sett inn som eit eige punkt G i paragraf 15; t.d. slik:

§15. Kommunen utreder følgende utgifter etter budsjettforslag frå kirkelig fellesråd: ... g) tilskot til kirkelig undervising, diakoni, kirkemusikk og andre kirkelige tiltak i soknene.

I tillegg foreslår høyringsnotatet ein bestemmelse som skal sikre presteneste i alle sokn, jmf. §2. Dette meiner me er viktig, men det seier ingen ting om statens si forplikting på å sikre trusopplæring for alle døypte. Innføring av eit generelt råmetilskot er etter vårt synspunkt ikkje tilstrekkeleg for å sikre eit tilskot til trusopplæring. Gjennom trusopplæringsreforma tok staten på seg å støtte denne sentrale kyrkjeleg oppgåva.

Dette meiner me også bør forplikta staten vidare, sjølv når kyrkja er skilt frå staten. Dette bør ein difor få inn på ein meir forpliktande måte i §22, statens økonomisk ansvar.

Ansvar for å utarbeide mål og planar for kyrkjeleg verksemd.

I §14 under kyrkjeleg fellesråd sine oppgåver står det at fellesrådet har ansvar for å utarbeide mål og planar for den kyrkjelege verksemda i kommunen. Dette er vel og bra i forhold til dei oppgåvene som fellesrådet har ansvar for som forvaltar, men det er likevel viktig at fellesrådet her ikkje skal ha ansvar for å utarbeide mål og planar for den kyrkjelege verksemda som ligg under soknerådet sitt ansvar. Mange har ei oppfatning om at fellesrådet hierarkisk «ligg over» soknerådet. Dette er ikkje tilfelle, og då er det også viktig at ein i lovteksten ikkje forsterkar ei slik oppfatning. Fellesrådet ynskjer difor ei noko meir presis formulering i lovteksten i § 14, t.d. *Kirkelig fellesråd skal ivareta administrative og økonomiske oppgåver på vegne av soknene, utarbeide mål og planer for fellesrådets virksomhet.* Og at det i tillegg vert teke med i §9 under soknerådet sine oppgåver – at dei har ansvar for å utarbeide mål og planar for den kyrkjelege verksemda i soknet.

Forhold for statlege tilsette i kyrkja.

Pensjonsordning.

I høyringsnotatet er det foreslått at pensjonsordningane i SPK vert tilbydd ført vidare i samband med skiljet mellom kyrkja og staten. Dette for ein periode på tre år, slik at kyrkja då får ei tid på seg til å ta stilling til pensjonsspørsmåla. Det vil også etter desse tre åra vere mogleg for kyrkja å søkje Arbeids- og sosialdepartementet om ei vidareføring av pensjonsordningane gjennom SPK dersom dette skulle vere ynskjeleg. Dette meiner fellesrådet er ei god ordning som sikrar rettane for dei statlege tilsette i ein overgangsperiode.

Samtidig er me bekymra for ein auka økonomisk uforutsigbarheit ved pensjon. I høyringsdokumentet legg ein opp til at staten skal berekne eit tilskotsbeløp som svarar til dei kjente lønns- og pensjonskostnadane ein har ved overføringstidspunktet. Vidare skal kyrkja ta ansvar for framtidige endringar i lønns- og pensjonskostnadane. Ein stor pensjonsrisiko vert dermed overført til Dnk, sidan råmetilskotet til kyrkja ikkje vil bli korrigert på bakgrunn av desse endringane. Staten tek dermed ikkje ansvar for oppregulering og andre ukjente faktorar knytt til opparbeida pensjonsrettar for dei som har vore statelege tilsette i kyrkja gjennom ei årrekke. Det vil seie at Dnk sjølv må ta ansvar for uforutsette pensjonsutgifter, og nødvendige avsetningar i fond (premiereserve). Dette vil vere ein tung «ryggsekk» å bere i tida som kjem for Dnk - med mange ukjente faktorar. Det minste ein burde be om her, ville vere at staten tok ansvar for framtidige pensjonsutgifter som er knytt til dei som er tilsett i staten i dag, og som blir med over som tilsette til Dnk.

Biskopen si uavhengige rolle.

Fellesrådet seier seg einig i ei vidareføring av biskopen si uavhengige stilling i Dnk. Dette fordi det berre bør vere Kyrkjemotet som normalt skal kunne pålegge biskopane oppgåver og leggje mynde til dei.

Klagenemnd.

Det er ansvarleg arbeidsgjevar som bør gjere vedtak i disiplinarsaker (oppseiing, avskjed, suspensjon). Det vert uryddig dersom det skal vere ulike reglar for dei tilsette. I førearbeidet til forvaltningslova vart det understreka at arbeidsmiljølova sine bestemmelsar ivaretok omsynet til arbeidstakaren og deira rettssikkerheit. Her vart det også peika på at eit system med både eigen klagerett/klageorgan og arbeidsmiljølova sine bestemmelsar gir eit uryddig og uklart system for partane. Omsynet til kvalitet i avgjerder og rettssikkerheita for dei involverte partane skulle vere godt ivareteken gjennom lovverket ein har i dag, og burde slik vere dekkande også for dei statlege tilsette i kyrkja. Fellesrådet finn det difor rettast at det ikkje vert oppretta ei eiga klagenemnd for å behandle denne typen saker, og vil difor tilrå at den foreslegne §27, Den norske kirkes klagenemnd, vert teken bort.

Samansetjing av Kyrkjerådet.

Høyringsnotatet legg opp til ei endring i samansetjing av Kyrkjerådet. Ut frå den foreslegne lovteksten i §25 er ein ikkje sikra ein representasjon frå alle bispedømeråda. Setninga «Alle bispedømeråd skal være representert i rådet» er teke bort. Fellesrådet går inn for at alle bispedøma skal ha ein representant i Kyrkjerådet. Dette for å sikre ei brei samansetjing av rådet, og for å sikre at alle delar av landet vert representert.

Lokale forsøk og annan oppgåvefordeling.

Konsekvensen av delegeringa høyringsnotatet legg opp til vil vere at ein framover ikkje vil få moglegheita til å prøve ut alternative måtar å organisere Dnk på. I høyringsnotatet legg ein opp til at

Kyrkjemotet/Kyrkjerådet ikkje kan delegere «lenger ned» enn til prosten. Det vil setje sperre for å delegere arbeidsgjevarfunksjonar til sokna sine organ. Samtidig opnar ein for at sokna sine organ kan be bispedømerådet om å ivareta oppgaver. Dette vil gi mulegheit for å delegere oppgåver «oppover». Dette meiner fellesrådet vil vere uheldig. Her lokalt har me hatt ei prøveordning med felles fellesråd for to kommunar. Me fekk høve til å prøve ut denne ordninga i 4 år: frå 2010 og til me fekk ei permanent løysing i 2014. Dette gav oss tid til å arbeide lokalt for å finne dei beste løysingane, samtidig som kyrkjelyden også fekk tid på seg til å vurdere løysinga. Dette gav oss erfaring på at det er viktig at det vert gitt moglegheit for å prøve ut lokale ordningar, og at det vert gitt tid til å få arbeide lokalt med løysingane. Fellesrådet vil difor presisere at det framleis bør vere mogleg å få prøve ut alternative løysingar lokalt.

Opplysningsvesenets fond.

Om det er kyrkja eller staten som bør ha eigerettane til fondet, har vore omstridt og debattert lenge. Fellesrådet er likevel av den meining at Opplysningsvesenets fond tilhøyrer kyrkja, og at dette bør sikrast i det vidare arbeidet med skiljet mellom kyrkja og staten. Sjølv om departementet ikkje finn det nødvendig å ta stilling til dette spørsmålet i samband med dei føreslegne endringane i Kyrkjelova i denne omgang, ynskjer fellesrådet at dette vert utgreidd i det vidare arbeidet.

Felles rekneskapssystem/-prinsipp.

Fellesrådet meiner det er viktig at Dnk kan forholde seg til eit felles økonomiregelverk og felles rekneskapsprinsipp. Eit felles rekneskapssystem vil leggje betre til rette for å kunne vurdere Dnk sin økonomi sett under eitt og i ein samanheng. Det vil samtidig kunne gi meir effektive og rasjonelle økonomi- og rapporteringsmoglegheiter, og ein kunne slik fått ei felles rådgjeving i desse spørsmåla. Felles rekneskapsprogram for kyrkja, ville kanskje også gitt ei innsparing på driftssida for kyrkja sett under eitt. Fellesrådet ynskjer også at det vert vurdert om dette bør inn som ei formulering i lovteksten, t.d. at det vert teke med eit punkt om felles økonomiregelverk og rekneskapsprinsipp i §9, §14 og §15, event. også i §22.

Kyrkjeøkonomi.

Som nemnt i avsnittet diakoni og trusopplæring etterspor me ein sterkare presisering i lovteksten om kva som er statens og kommunane sitt økonomiske ansvar overfor Dnk. Me saknar ei drøfting i høyringsnotatet om kva som skal vere staten sine plikter ut frå grunnlaget i den nye §16 i Grunnlova, om staten sitt ansvar for å understøtte folkekyrkja. Dette gir oss ei bekymring for at staten vil redusere sin resursinnsats i kyrkja. I høyringsnotatet vert det i staden vist til moglegheiter for effektivisering og auka medlemsfinansiering. Det gir grunn til uro dersom Regjeringa vil bruke auka sjølvstende for kyrkja som grunn for kutt i det økonomiske tilskotet. Dette kan oppfattast som signal på at staten ikkje har interesse av å oppretthalde ei landsdekkande kyrkje. Den reelle reduksjonen av tilskotet til m.a. trusopplæring i årets statsbudsjett, kan oppfattast som eit signal om at Regjeringa vil gi Dnk auka rettsleg sjølvstende, men samtidig yte mindre offentleg støtte. Dette er i so fall heilt nye signal enn det Stortinget tidlegare har gitt i samband med grunnlovsendringane om Dnk.

Fellesrådet vil presisere at tryggheta for det vidare arbeidet i Dnk er forutsigbar økonomi, og trygghet for at staten ogso framover vil ta ansvar for dei plikter dei tidlegare har forplikta seg på, t.d. gjennom trusopplæringsreforma.

Vedkjenningsskriftene.

Det er Christian V Norske lov av 1687 som fastslår kva som er vedkjenninga til Dnk.

Me vil spørje om korleis denne paragrafen framleis vil vere gyldig for Dnk, og kven som ev. kan endre denne paragrafen. Viss ein skal vere prinsipielle, kan det vere rett at Stortinget har mynde over denne lova, no når det er vorte eit tydeleg skilje mellom Staten og Dnk? Fellesrådet vil også be om at forpliktingane på vedkjenningsskriftene for Dnk ikkje blir gløymt, men gjerne kjem med inn i lovteksten i Kyrkjelova, og med reglar som gjer det vanskeleg å endre dette trusgrunnlaget, (tilsvarande reglar for endringar i Grunnlova).

Til slutt vil me gjerne påpeike at ei høyring av dette slaget burde bli gitt ein lenger høyringsfrist. Det er eit stort og omfattande høyringsdokument som føl saka, og det er forslag om store endringar som vil få stor tyding for Dnk. Mange av dei minste sokna har kanskje heller ikkje så hyppige møter i soknerådet, at høyringsfristen gir dei rom for å få drøfta spørsmåla inngåande. Samtidig vert det påpeika at soknet skal vere grunneininga i Dnk. Då bør dei også bli gitt eit reelt høve til å kunne uttale seg i ei så viktig sak.

Venleg helsing

Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd

Jorunn Merete Haukas-Eide

Jorunn Merete Haukas-Eide

kyrkjeverje i Sogndal og Leikanger